

Til fylkesordfører Jon Askeland

Vestland fylkesting 16. og 17.juni 2021

SKRIFTLIGE SPØRSMÅL OM EIN BEREKRAFTIG KYSTSONEPLAN FOR HARDANGERFJORDEN.

Fylkestinget har vedtatt ein utviklingsplan som skal gjere Vestland til det mest framoverlente fylket landet innan klima og berekraftig utvikling. Hardangerfjorden og kulturlandskapet rundt er eit nasjonalt ikon som representerer ei storsatsing innan både reiseliv, turisme og kultur kombinert med tradisjonelle næringar som industri og landbruk.

I seinare til har stadig fleire interessentar innan oppdrettsnæringar og havbruk sett på Hardangerfjorden og dei indre fjordarmene som eit større satsingsfelt. Dette skjer samstundes som villaksen, sjøauren, andre fiskeslag og faunaen i fjorden er i ein kritisk fase og vitale friluftsiinteresser står på spel.

Hordaland fylkesting fekk utarbeidd ein regional kystzoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger som ein pilot i bruk av retningslinjer for arealbruk. Denne planen vart stadfesta av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2020. Men denne planen omfattar berre den ytre delen av Hardangerfjorden. Og den omfattar ikkje ei konsekvensanalyse av vidare oppdrettsetableringar innover i heile fjordsystemet og samla bærekraftige miljø- og forvaltningsomsyn i heile Hardangerfjorden.

Økosystemet i Hardangerfjorden (inkludert villaksen og sjøauren) kjenner ingen kommunegrenser. Difor er tida overmoden for å få laga ein samla forvaltningsplan for heile Hardangerfjorden basert på vitenskaplege, berekraftige og langsiktige vurderingar og konklusjonar for å sikre en framtidig havbruk på fjordens premisser.

Her har fylkeskommunen i samarbeid med kommunane, innbyggjarane og ulike næringsinteresser ei viktig rolle å spele.

På denne bakgrunn vil eg stille fylgjande spørsmål til fylkesordføraren:

1. Er fylkesordføraren samd i at det er behov for å få utarbeidd ein samla kystzoneplan for forvaltning av heile Hardangerfjorden i samarbeid mellom kommunane som grenser til Hardangerfjorden og fylkeskommunen?
2. Om svaret er ja, kva initiativ ser fylkesordføraren som naturleg at kommunane tar for å få dette arbeidet i gong - og korleis kan fylkeskommunen medverke til dette?

Terje Kollbotn (fylkestingsrepresentant Raudt)